



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato
05.12.2014
Dykkar dato
15.09.2014

Vår referanse
2014/11155 733.1
Dykkar referanse
07/313

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Hørings svar til forslag om å gi helsesystrer og jordmødrer rett til å rekvirere alle typar prevensjonsmiddel

Fylkesmannen i Hordaland stør framlegget frå departementet om å endre forskrift om rekvirering og utlevering av legemiddel frå apotek slik at helsesystrer og jordmødrer med dokumentert kompetanse kan skrive ut alle typar prevensjonsmiddel til alle kvinner over 16 år uavhengig av tenestestad.

Til no har helsesystrer og jordmødrer hatt høve til å gi p-piller, p-plaster, p-sprøyte og p-ring til kvinner i aldersgruppa frå 16 til og med 19 år på helsestasjon og i skulehelsetenesta. Erfaringane derifrå viser at ordninga utvida unge kvinners rett til prevensjon og bidrog til ein tydeleg nedgang i abortraten for dei yngste. At dei slepp å byte behandlar når dei er 19 år eller treng langtidsverkande prevensjonsmiddel som p-stav og spiral, kan bidra til betre vern mot uønskte svangerskap og abort også i den mest fertile og seksuelt aktive aldersgruppa, dei mellom 20 og 24 år. Også omsynet til spesielt risikoutsette kvinner, tilseier at vi bør kunne tilby effektiv og langsiktig prevensjon på andre og meir tilgjengelege arenaer enn i dag.

Som legemiddelverket og seier, er det ikkje grunnlag for å meine at ei slik endring vil få fleire negative medisinske følgjer enn dagens ordning. Målet er å gjere det enklare for alle å verne seg mot uønskte svangerskap.

For å gjere prevensjon endå lettare tilgjengeleg, bør departementet i tillegg sjå nærare på om det er råd å gjere fleire prevensjonsmiddel reseptfrie og gjerne gratis. Omsynet til kvinners reproduktive helse tilseier at vi gjer tilgangen til prevensjon så lett som mogeleg innanfor det som er medisinsk forsvarleg.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Grete Riise
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift